



SAKSHANDSAMAR
Jorun Elisabet Aresvik Hals

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
17/00679-4

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

ARK. B - Bygninger
316 (Geiranger) Stranda - MR

VÅR DATO
07.12.2017

Sjå mottakarliste

Mølltunet - 112/1, 112/2 og 112/3 - Stranda kommune - vedtak om fredning

Vi syner til tidlegare utsendt fredningsforslag for Mølltunet, datert 27.6.2017. Forslag om fredning har vore på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:



VEDTAK:

I medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) §§ 15 og 19, jf. § 22 fredar Riksantikvaren Mølltunet i Geiranger, gnr./bnr. 112/1, 112/2 og 112/3 i Stranda kommune.

Omfanget av fredinga

Freding etter kml § 15

Fredinga etter § 15 omfattar følgjande bygningar:

Utigard, gnr./bnr. 112/1

1. Stovehus, bygningsnr. 180082549 (Askeladden ID 120498-1)
2. Stabbur (nystove), bygningsnr. 180082530 (Askeladden ID 120498-2)
3. Løe, bygningsnr. 180082522 (Askeladden ID 120498-3)
4. Tørkestove, bygningsnr. 180090614 (Askeladden ID 120498-4)

Bøtel, gnr./bnr. 112/2

5. Stovehus samanbygd med masstove, bygningsnr. 180082581 (Askeladden ID 120498-5)
6. Stabbur (nystove), bygningsnr. 180082603 (Askeladden ID 120498-7)
7. Løe, bygningsnr. 180082611 (Askeladden ID 120498-8)

Framigard, gnr./bnr. 112/3

8. Stovehus, bygningsnr. 180085565 (Askeladden ID 120498-10)
9. Masstove, bygningsnr. 180082727 (Askeladden ID 120498-11)
10. Løe, bygningsnr. 180082638 (Askeladden ID 120498-12)
11. Samanbygd nystove og bod , bygningsnr. 180082573 (Askeladden ID 120498-9)

Fredinga etter § 15 omfattar eksteriøret og interiøret i bygningane og inkluderer hovudelement som planløsning, materialbruk og overflatehandsaming og detaljer som vindauge, spor etter skyvelemmer, dører, gerikter, listverk, eldstader og fast inventar som omnar og veggfaste skap.

Følgjande demonterte bygningsdelar som er lagra på eigedomen er omfatta av fredinga:

Utigard

- ljorekasse


Bøtel

- ljorekasse

Fredinga omfattar større laust inventar som er lista opp i tre separate vedlegg som korresponderer med eigartilhøva.

Freding etter kml § 19

Fredinga etter § 19 omfattar området som er merka av på kartet nedanfor og gjeld eigedomane gnr./bnr. 112/1, 112/2 og 112/3. Fredinga omfattar hage og slåtteeng med dyrkamark, terrengmurar og beitemark.



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Mølltunet som eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme på eit tettbygd klyngetun i bratt vestlandslandskap med bygningar frå midten av 1700-talet og fram til 1905.

Fredinga skal sikra kulturhistorisk verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til bygningane.

Fredinga av bygningane sine eksteriør skal sikre bygningane sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, så som fasadeoppbygging, opphavelage og eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater skal oppretthaldast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i interiøra. Fast inventar og spesifisert større laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.

Formålet med fredinga av området rundt bygningane, er å sikre verknaden av anlegget i miljøet og å verne om vitskapelege interesser, gjennom å oppretthalde området sin karakter av kulturlandskap med innslag av hage, slåtteeng, dyrkamark, terrengmurar og beitemark.

Fredinga av Mølltunet skal ikkje vere til hinder for vidareføring av dagens bruk eller ny bruk som ikkje er i strid med formålet med fredinga.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma med heimel i kulturminnelova § 15 tredje ledd og § 19 andre ledd. Føresegnene er utforma i samsvar med fredinga sitt formål og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

Føresegner etter kml § 15

1. Det er ikkje tillate å skade, rive eller flytte bygningane eller deler av desse.
2. Det er ikkje tillate å bygge om bygningane sine eksteriør eller interiør. Unntatt frå dette er tilpassa tiltak for å legge til rette for at bustadhusa framleis kan vere tenlege til sin funksjon. Slike tiltak må gjennom dispensasjonshandsaming godkjennast på førehand av forvaltingsmynda.
3. Utskiifting av bygningselement eller materialar, forandring av overflate eller anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjon er ikkje tillate. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)
4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med tradisjonelle materialar og metodar i tråd med bygningane sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei bygningshistoriske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføring til opphaveleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjon kan tillatast i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå forvaltingsmynda.
6. Fast inventar, demonterte bygningsdelar og større laust inventar som inngår i fredinga, jf. vedlagde spesifikasjon, skal ikkje skadast eller fjernast frå bygningane.

Føresegner etter kml § 19

7. Fjerning av trær, bærbuskar, steinmurar og opphaveleg installasjonar eller andre tiltak som vil kunne endre slåttenga og hagen sin karakter i vesentleg grad, er ikkje tillate.
8. Innanfor det freda området må det ikkje settast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på anna måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for bygging av hus og anlegg, utviding av veg, endring av planting eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.
9. Fredinga skal ikkje vere til hinder for vidareføring av landbruk av den typen som er driven fram til i dag, eller ny bruk som ikkje er i strid med fredingsformålet og fredingsføresegnene.

Følgjer av fredinga

Lovreferanse

Når det gjeld handsaming av freda hus, anlegg og område blir det vist til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21, samt ovanfor nemnte fredingsføresegner. Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova må i tillegg leggst fram for kommunale myndigheiter. Ein gjer merksam på at løyve etter kulturminnelova må liggje føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

Vedlikehald

Det er eigaren som har ansvaret for laupande vedlikehald av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljer som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatehandsaming. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som råd skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnene.

Meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg finnest i Riksantikvaren sine informasjonsblad.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går utover vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova §§ 15a og 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan settast i verk, ev. på kva vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeins kontakte fylkeskommunen. For meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel, sjå vedlagte rundskriv - 27.09.2013 (endra 20.5.2 014): *Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven.*

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid. Dersom det etter § 15a blir gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det bli gitt heil eller delvis kompensasjon for utgiftsauken, jf. § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Mølltunet består av tre bruk med til saman elleve bygningar, der ti av bygningane ligg i ei tett klynge, i ei sørvendt li med relativt bratt terreng. Dei tre stovehusa ligg i ei tett rekke med korte avstandar i mellom husa. Bygningane ligg innanfor eit område på ca. 35 x 80 meter der den lengste bygningen er 18 meter lang. Den siste bygningen (tørkestova) ligg sørvest for, og betrakteleg lågare enn resten av bygningsmassen. Bygningane er daterte frå 1700-talet og fram til 1905.

Dei tre bruka, Utigard, Bøtel og Framigard har bustadhus, løe og andre bruksbygningar, anten frittstående eller samanbygd med stovebygninga på bruket.

Dei tre løene er bygde i tradisjonell grindkonstruksjon med lafta fjøs. Dei sju andre bygningane i tunet er i hovudsak bygt i lafta tømmer med innslag av stavverk. Dei tre stovehusa har alle ei røykstove med ope rom til sperretaket og med ljore som sentralt «hovudrom». Stovehusa i Utigard og Bøtel er svært like i planløysing og oppbygging. Begge har ei tverrfløy over

hovudinngangen som framstår som ei høg ark i sørfasaden. Det tredje stovehuset, Framigardstova/Rasmusstova er av ein eldre bygningstype og er utan ark eller tverrfløy. Stabbur og nystover har kjernar av lafta tømmer utan utvendig kledning og svalgangar i stavverk med kledning av låvepanel. Tørkestova til Utigard er bygt med vegger av natursteinstørrmur og bjorlag i lafta tømmer utan kledning. Hageanlegget inneheld ein bær- og frukthage med eldre tre, sør for bygningane i tunet. Resten av marka i tilknytning til Mølltunet er slåtteeng/beitemark med spor etter tidlegare drift.

For nærare beskriving av kulturminnet blir det vist til vedlagt fredingsdokumentasjon.

Vurdering av kulturminnet – grunngeving for fredingsvedtaket

Klyngetunet er ein tunskipnad som var vanleg på Vestlandet så langt nord som Sunnmøre frå mellomalderen og fram til dei store innmarksutskiftingane frå midten på 1800-talet og utover. Dei gamle tuna med fleire bruk saman som enkelte stader var som små «landsbyar» med sine tette bygningsmiljø og sitt sosiale liv vart då oppløyste og bygningane flytta ut til enkeltstående bruk. Nokre få stader var området så utsett for rasfare at det ikkje var alternative stader å sette husa, eller at det av andre grunnar ikkje var ønskeleg med «utflytting». Der vart dei gamle tuna ståande. Dette er situasjonen på Møll.

Mølltunet er eit svært godt bevart klyngetun. Dei gamle utskiftingskarta, historiske skildringar, til dels eldre foto og Arne Berg si bok «Norske gardstun» dokumenterer dette.

I dag er det svært få slike tun som står att på landsbasis, og berre tre-fire andre på Sunnmøre. I dei andre klyngetuna på Sunnmøre har bygningane i ulik grad blitt fornya og/eller landskapet omkring blitt mykje endra. Mølltunet er soleis det best bevarte klyngetunet på Sunnmøre.

Med unntak av ei nyare garasje har det ikkje kome til nye bygningar etter 1905. Sør for stova i Utigard har det stått ei lita bod som er borte. Utanom dette er bygningsmiljøet uendra dei siste 110 åra.

Tunskipnaden på Møll har vore vanleg fleire stader på Sunnmøre i ein lang tidsperiode. Eit særtrekk ved Mølltunet er at det ligg i eit bratt landskap. Dette har gitt utfordringar for plassering og fundamentering av bygningane. Ein har likevel valt å plassere bygningane svært tett på kvarandre. For å få dette til har det vore nødvendig med til dels høge natursteinsmurar.

I tillegg til at tunmiljøet har høg verneverdi, har også dei enkelte bygningane høg eigenverdi som kulturminne. Utan at det er gjort noko dendrokronologisk tidfesting av bygningane, kan det stadfestast ut frå byggemåte og skriftlege kjelder at nokre av bygningane har høg alder. Stovehusa tener som eksempel på bygningsutvikling frå tidleg på 1700-talet fram til 1870. At storstua i Utigardsstova vart bygt så seint som i 1870 med røykstove-form vitnar om ei konservativ haldning til byggeskikken.

Løene i tunet er den yngste bygningskategorien og er frå perioden 1866 til 1905, men alle tre er bygt i tradisjonell grindkonstruksjon med lafta fjøs. Dei andre bygningane i tunet som stabbur, nystover og masstove har alle alderdomleg preg og alle er tidfesta til tidleg 1800-tal.

At tunet framleis er busett gir ein ekstra verdi knytt til å oppretthalde ein viktig sosial tradisjon. Tunet formidlar dei historiske rammene for sosialt liv og samhandling i eit tett samfunn.

Også hageanlegget og slåttenga er relativt godt bevart i sin opphavlege form. Slåttenga blir no mest brukt til beite for geiter. I vurderinga av området som er freda etter kml § 19 har det blitt

lagt vekt på at landskapet i seg sjølv er ein føresetnad for bygningsutforminga, men at det viktige er å ivareta hage og slåtteng som ramme for bygningsmassen, og å sikre eventuelle vitskapelege interesser knytt til bygningsmassen som enno ikkje er kjende.

Den antikvariske og kulturhistoriske verdien til anlegget som heilskap er svært høg. Riksantikvaren vurderer at Mølltunet er eit så viktig anlegg å taka vare på at freding er det rette verkemiddelet.

Lokalisering, eigedomstilhøve og planstatus

Mølltunet ligg midt i den sokalla Møllsbygda i Geiranger i den søraustlege delen av Stranda kommune, 195–200 moh., tett ved den kjende turistruta Ørnevegen. Mølltunet ligg i verdsarvområdet Norsk Fjordlandskap, nordre del, Geirangerfjorden.

Eigedomen er samansett av tre bruk med ulike eigarar. Eigar av bnr. 1, Utigard, er Anette Synneva Møll. Eigar av bnr. 2, Bøtel, er Per Otto Solhaug og Liv J Ørjasæter Solhaug. Eigar av bnr. 3, Framigard, er Jan Ottar Møll. Alle eigarane har kome til som nye eigarar undervegs i fredingsprosessen.

I kommuneplanen er området avsett til LNF-område. I gjeldande reguleringsplan for Møll med plan ID 2010003, vedteken av kommunestyret i Stranda 24.03.2010, sak KOM 021/10 er det freda området regulert til LNFV1, Landbruks- natur- og friluftsområde, vern av kulturmiljø, og som omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ei tilstandsvurdering av bygningane i perioden 2015-2017.

Vurdering av tilstand og økonomi

Det er 11 bygningar som er omfatta av fredinga. Møre og Romsdal fylkeskommune konkluderer med at bygningane for det meste er i god stand. Bygningsmassen har på 2000-talet vore gjenstand for laupande istandsetting og vedlikehald. Overordna TG for to av bygningane er vurdert til å vere TG 1, medan den for ni av bygningane er vurdert til å vere TG 2. TG 2 er for to av bygningane knytte til mindre vesentlege manglar som ikkje er knytt til konstruksjonen. For åtte av bygningane er TG 2 gjeve som følgje av avvik ved avgrensa delar av konstruksjonen. Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN - NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap har vesentlege avvik.

Istandsetting vil vere naudsynt for å sikra bygningsmassen. Kostnadane med dette er vurderte mot nytteverdien av at eit miljømessig viktig og karakteristisk gardsanlegg av nasjonal verdi i eit verdsarvområde blir ivareteke og sikra for framtidig bruk. Ut i frå ei samla vurdering reknar ikkje Riksantikvaren med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre freding av Mølltunet.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dei av kulturhistorisk eller antikvarisk verdi. Det følgjer vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller vitskapelege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. Forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven av 9.februar 1979, § 12 nr. 1.

Forholdet til naturmangfaldslova

Prinsippa i lov 19. juni 2009 nr. 100 om naturmangfald (naturmangfaldslova) §§ 8–12 skal leggest til grunn for all offentleg myndeutøving som vedkjem naturmangfaldet, jf. § 7.

Fylkeskommunen har gjort søk i Artsdatabanken sitt *Artskart* og Miljødirektoratet sin *Naturbase* for å framskaffe nødvendig kunnskap for avgjerdsgrunnlaget. Søket gjaldt sårbare og trua arter.

Det er ikkje registrert sårbare eller trua arter i området som inngår i fredinga. Der er registrert ulike naturtypar i området som inngår i fredinga, men desse er ikkje vurdert som sårbare eller spesielt verneverdige. Fylkeskommunen vurderer at fredinga av Mølltunet korkje vil kome i konflikt med naturverdiar eller påverke naturmangfaldet i negativ retning.

Bakgrunn for fredingssaka

Klyngetunet på Møll har over lang tid vore eigd og busett av personar som har vore opptekne av å ta vare på det gamle bygningsmiljøet. Av denne grunn har nye bustadhus og felles driftsbygning allereie frå 1960-talet blitt bygde utanfor den gamle tunskipnaden. Desse tilpassingane har gjort det mogleg å både bevare det opphavelege tunet, og samstundes bu og drive jordbruk på ein meir rasjonell måte med naudsynte utvidingar og omarbeidingar av dyrka mark.

At tunet framleis er i bruk viser bruksverdien til bygningane, og er ein medverkande årsak til at det unike anlegget kan takast vare på for framtida. Bygningane og området som er omfatta av fredinga inngår i ein funksjonell samanheng. Det vil seie at ein tek vare på eit heilskapleg tun med både produksjons- og buareal. Ei slik tilnærming sikrar forståinga av samanhengen mellom bygningar og landskap, og aukar den pedagogiske verdien.

Møre og Romsdal fylkeskommune sette i gang fredingssak for å ivareta dei høge kulturhistoriske verdiane på Mølltunet. Det er difor eit mål at fredinga av Mølltunet skal vere med på å sikre gode vilkår for framleis bruk og vedlikehald at eit godt bevart klyngetun.

Utgreiing av saksgang

Melding om oppstart

Melding om oppstart vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1 andre ledd sendt eigarane i brev av 6.12.2007. Samstundes vart fredingssaka kunngjort i Sunnmørsposten og Sunnmøringen 11.1.2008 og i Stranda kommune 17.1.2008.

Ny melding om oppstart

På grunn av at det tok lang tid før fredingsforslag vart utarbeidd, vart det sendt ny melding om oppstart. Fredingssaka vart kunngjort i Sunnmørsposten 18.7.2015

Det vart satt frist til 2.9.2015 til å kome med merknader til varsel om oppstart.

Det kom ikkje inn merknader til melding om oppstart.

Offentleg ettersyn av fredingsforslaget

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 2 vart fredingsforslaget lagt ut til offentleg ettersyn i Møre og Romsdal fylkeskommune og Stranda kommune. Forslaget vart sendt eigarane og Stranda kommune, med kopi til Riksantikvaren og Klima- og miljødepartementet 26.4.2016. Samstundes vart det kunngjort i Sunnmørsposten og Sunnmøringen at fredingsforslaget for Mølltunet var lagt ut til offentleg ettersyn i Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det vart gitt ein frist på seks veker frå kunngjeringsdatoen til å kome med fråsegn.

Det kom ikkje merknadar til fredingsforslaget.

Kommunestyret si handsaming

I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 3 vart fredingsforslaget lagt fram for kommunestyret i Stranda.

Stranda kommunestyre handsama fredingsforslaget som sak 134/16 i møte 15.12.2016, og gjorde følgjande samrøystes vedtak om uttale til høyring:
«Stranda kommune gjer framlegg om at Mølltunet i Geiranger, gnr. 112 vert freda i samsvar med forslaget frå Møre og Romsdal fylkeskommune i brev av 26.04.2016».

Ny høyring

Av di fredingsforslaget ikkje vart kunngjort i Norsk lysingsblad da det vart lagt til offentleg ettersyn vart saka i medhald av kulturminnelova § 22 nr. 2 kunngjort i Norsk lysingsblad 7.8.2017. Saka vart samstundes lagt på nytt offentleg ettersyn på Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider.

Det vart satt frist til 22.9.2017 til å kome med merknader til fredingsforslaget. Det kom ikkje inn merknader til fredingsforslaget.

Riksantikvaren sine kommentarar til høyringsfråsegnene

Forslag til freding vart sendt til Riksantikvaren frå Møre og Romsdal fylkeskommune 27.6.2017. Riksantikvaren har under handsaminga av vore i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Riksantikvaren sluttar seg til Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering, og er nøgd med at Stranda kommune er positiv til fredinga. Riksantikvaren er informert om at det har vore god dialog med eigarar undervegs i prosessen, mellom anna i form av synfaringar og møter. Eigarane har ikkje gjeve merknader i fredingsprosessen, men har gjennom korrespondanse med fylkeskommunen synt at dei har vore involverte i fredingsprosessen.

Riksantikvaren var på synfaring 13.10.2017. Riksantikvaren registrerer at både eigarar og forvaltning er positive til fredinga. Dette er gledeleg og gjev det beste utgangspunktet for ivaretaking av Mølltunet for ettertida.

Ny avgrensa høyring

På synfaring på Mølltunet framkom det at enkelte delar av interiøret ikkje var omfatta av fredingsforslaget. Desse delane er å rekne som større laust inventar. Det større lause inventaret representerer etter Riksantikvaren si vurdering ein type element som er vanleg i sunnmørske stovebygningar, med ei fast plassering i bygningen og ein bestemt funksjon, og som difor har ei varig samhøyrighet med bygningen og innreiinga. Riksantikvaren kjenner ikkje til at elementet er vanleg i stovebygningar med opne røst i andre delar av landet, og vurderer difor at dette er eit særtrekk ved den sunnmørske stovebygningen. Av desse grunnane vurderer Riksantikvaren at det er viktig å sikra elementa i fredinga.

Likeins vart enkelte demonterte bygningsdelar som ikkje var nemnde i fredingsforslaget omfatta av den nye avgrensa høyringa. Enkelte inventarstykke var i fredingsforslaget omtalt

som fast inventar, men må forståast som større laust inventar. Dette vart det også informert om i den avgrensa høyringa, men er ikkje å forstå som ei utviding av fredingsomfanget.

Den avgrensa høyringa vart sendt til dei tre eigarane 31.10.2017 med frist for merknadar 21.11.2017. Det kom ikkje inn merknadar til høyringa.

Ikkje gjennomførte tiltak på det freda kulturminnet

For stovebygningen på Bøtel er det i ei oversending frå eigar til fylkeskommunen arkivert 25.6.2015 søkt om eit tilbygg som skal erstatte eit tidlegare bislagbygg av nyare dato. Det nye tilbygget er meint å skulle husa toalett og bad. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjeve si vurdering av saken i brev av 26.6.2015 og stiller seg positiv til planane.

Eigarane omtala på synfaringa 13.10.2017 sine tankar om moglege tiltak for attendeføring og vidare bruk av bygningsmassen, og at dei er i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune om tiltaka. Enkelte tiltak er allereie under gjennomføring i samråd med fylkeskommunen. Framgangsmåte for å søke om vidare tiltak er nærare beskrive under overskrifta «Følgjer av fredinga».

Avsluttande kommentar

Riksantikvaren vil kommentere at fredingsprosessen slik vi har oppfatta det har vore prega av ein god og konstruktiv dialog mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og positive eigarar. Ei felles forståing av dei høge kulturminneverdiane er det beste grunnlaget for godt vern i framtida.

Opplysning om klagerett og tinglysing

Riksantikvarens vedtak om freding kan klagast på til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage stilast til Klima- og miljødepartementet, men skal sendast Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren jf. kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Kosonen Geiran
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Dokumentasjonsvedlegg del 1 – eksteriør

Infoblad å eie et fredet hus
Dispensasjonsrundskrivet

Vedlegg som sendes som eiga oversending til den enkelte eigar:
Liste over freda større laust inventar (u.off)
Dokumentasjonsvedlegg del 2 – interiør (u.off)
Diplom

Kopi til: Stranda kommune, Øyna 13, 6200 STRANDA/ Møre og Romsdal
fylkeskommune, Fylkeshuset, Postboks 2500, 6404 MOLDE/ Klima- og miljødepartementet,
Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Anette Synneva Møll		Ørnevegen 381	6216 GEIRANGER
Jan Ottar Møll		Storteigen 15 B	6300 ÅNDALSNES
Liv Johanne Ørjasæter Solhaug		Geirangervegen 598	6216 GEIRANGER
Per Otto Solhaug		Geirangervegen 598	6216 GEIRANGER